



Abdul Ahad og Didar målar det nye huset i båthamna.

Det er ikkje enkelt å få sommarjobbar når ein er under 18 år. Derfor er også mindre og kortvarige jobbar kjærkomne for ungdommane. I går hadde vi ei sak frå bufellesskapet på Stølen der vi mellom anna nemnde at dei arbeidsvillige gutane hadde sterke ønskje om meir jobbing i ferien.



[Bashar vaskar det gamle båtlagshuset.](#)

I dag gav dette resultat. Uskedal båtlag hadde hive seg rundt, og leiar Hans Gustav Mussland ringte med tilbod om målarjobb. Gleda var stor, og gutane brukte ikkje ein gong sekundar på å takka ja til tilbodet. Jobben bestod i at det nye båthuset skal målast to strøk, og i tillegg skal det gamle båtlagshuset vaskast og målast. Då klokka så vidt var passert fire, var tre av gutane i gong med oppdraget medan dei fekk rettleiing av båtlagsleiar Hans Gustav Mussland. Bashar styrte høgtrykkspylaren medan Didar og Abdul Ahad svinga målararkosten. Jobben gjekk svært bra sjølv om dei ikkje hadde veldig mykje målarerfaring frå før. Innimellom arbeidet måtte Bashar ein kjapp tur på fotballtrening, men han lova å vera tilbake så raskt som mogeleg.

Då gutane var godt i gong med jobben, kom Andrea Hjelmeland og Camilla M. Ripel. Dei skal ta seg av reinhald av vaskerom og sanitæranlegg framover sommaren til etter Festidalen. Dei fekk informasjon om kor dei fann ting og kva som skulle gjerast av Liv Hansen. Jentene verka like fornøgde som gutane med at dei hadde fått seg ein sommarjobb.

Frå tidlegare har båtlaget andre ungdommar i arbeid med å slå plenen. Det er William Hjørnevåg, Tørres M. Lekva og Ella Karina Hjørnevåg. Det er flott at ungdommen får slike oppgåver. Dei gjer ein kjempflott jobb!



Andrea og Camilla er klar til å ta seg av reinhaldet i sommar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.